

MELAND KOMMUNE
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Kongsvinger, 4. april 2019
Vår ref.: 19/274
Avdeling for digitalisering og fellesfunksjoner

Vedtak om tvangsmulkt: Ledige stillingar 1. kvartal 2019

Statistisk sentralbyrå (SSB) har vedteke å gi MELAND KOMMUNE tvangsmulkt fordi føretaket ikkje har overhalde opplysningsplikta. Gjeld verksemda/verksemdene som står oppført nedst i dette brevet. Fristen for å sende inn opplysningar var 21. mars 2019.

De unngår mulkt dersom de rapporterer elektronisk via Altinn innan 25. april 2019

- ✓ Forsikre deg om at du har riktig rolle (sjå informasjonssida til skjemaet i Altinn).
- ✓ Vel aktør.
- ✓ Vel riktig skjema, fyll ut og send inn, og få kvittering i Altinn om at opplysningane er sende.

Dersom de ikkje sender inn opplysningane innan den nye fristen, går saka vidare til Statens innkrevjingsentral som krev inn mulkta. De må sende inn opplysningane vi manglar, sjølv om de betaler tvangsmulkta.

Tvangsmulkta er på 3450,- kroner.

Ta kontakt med Altinn brukarservice på telefon 75 00 60 00 dersom de har spørsmål om roller eller pålogging, eller søk etter informasjon på www.altinn.no

På <http://www.ssb.no/innrapportering/naeringsliv/ledige-stillinger> kan de lese meir om korleis de svarer på undersøkinga.

Aktuelt regelverk er

- plikta til å gi og retten til å hente inn opplysningar: statistikklova § 2-2
- retten til å påleggje tvangsmulkt: statistikklova § 2-3
- retten til å drive inn mulkt med tvang og krevje betaling for kostnader: tvangsførføringlova
- retten til å klage på eit vedtak: forvaltningslova kapittel VI

Desse lovene finn de på www.lovdato.no

Dersom de meiner at vedtaket om tvangsmulkt er feil, kan de klage innan tre veker frå de tek imot dette brevet.

De sender klagen til Statistisk sentralbyrå, Seksjon for brukarkontakt, Postboks 1400 Rasta, 2225 Kongsvinger eller på e-post til mulkt@ssb.no

Klagen må innehalde

- ✓ namnet og organisasjonsnummeret til føretaket
- ✓ kva for undersøking det gjeld
- ✓ dokumentasjon på kvifor de meiner at føretaket ikkje skal påleggjast tvangsmulkt

SSB kan ettergi tvangsmulkt, heilt eller delvis, dersom det ligg føre særlege og dokumenterte årsaker.

Finansdepartementet er klageinstans.

Har de spørsmål?

Kontakt oss på

- e-post: datafangst@ssb.no
- telefon: 62 88 51 90

Svartenesta er open kl. 09–15 alle kvardagar. Gi opp organisasjonsnummeret til føretaket, så kan vi hjelpe dykk raskare.

Med helsing



Geir Axelsen
administrerande direktør



Roger Jensen
seksjonssjef

De skal gi opplysningar om desse verksemdene:

Org.nr.:	Namn/Avdeling:	Adresse:
914415152	MELAND KOMMUNE AVLAUPSVERK	Havnevegen 41A 5918 FREKHAUG